


**Protokollar**

**1990**

**Styre og**

**Rep. skap for**

**VØR**



MØTEBOK

År 1991 den 1. juli vart det halde møte i representantskapet for Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Jan Driveklepp *Fredrik Mark Håshjald*  
Ingrunn Aud Humberset  
Einar Flø  
Emil Olsen

Elles møtte: Styreleiar Lars Petter Øye  
Distriktsrevisjonen v/ Jon Rønnestad  
Voldaregnskap AS v/ Nils Velle

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

SAK 01/91 REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 1990.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Revisor sitt framlegg til desisjon vert godkjend,  
jfr. pnkt. 1 - 5.

Pnkt. 6:

Representantskapet bed styret vurdere driftsopplegget med omsyn til reduksjon av driftskostnader for å oppnå meir kostnadseffektiv drift.

SAK 02/91 FØRESEGNER SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Føresegner for slamtøming vert godkjend i samsvar med styret si tilråding i S-sak 25/91. Føresegnene er lagt ved møteboka.

SAK 03/91 AVGIFTER SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Representantskapet rår Volda og Ørsta kommuner til å fastsette avgifter for slamtøming i samsvar med styret sitt forslag til slike avgifter i S-sak 26/91. Forslaget til avgifter er lagt ved møteboka.

SAK 04/91      FINANSIERING SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk tek opp lån, stort kr.  
321.000,- til finansiering av investeringar i samband  
med oppretting av slambehandlingsløyising.  
Styreleiaren skal hente inn tilbod frå KLP, og får  
fullmakt til å velje långjevar utifrå gunstigaste til-  
bod, og til å leggje fram søknad om kommunal garanti.  
Rentebindingstida på lånet skal vere 2 år.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

## M Ø T E B O K

År 1990, tysdag 20. november vart det halde møte i Representantskapet for Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Jan Driveklepp  
Rasmus Tunheim  
Ingrunn Aud Humberstet  
Jostein O. Mo  
Emil Olsen

Elles møtte: Styreformann Lars Petter Øye  
Jon-H. Martinussen

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 7/90 Framlegg til endring av budsjett for 1990.  
Vedtak: Endringa vart samrøystes vedteken etter tilrådinga.

Sak 8/90 Framlegg til budsjett for 1991.  
Vedtak: Budsjettet vart samrøystes vedteke etter tilrådinga.

Sak 9/90 Framlegg til renovasjonsavgifter for 1991, handsama av styret i sak nr. 26/90 og sak nr. 30/90.  
Vedtak: Representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1991 i samsvar med framlegget.

Alle vedtak var samrøystes. Møtet heva kl. 2110.

Jan Driveklepp  
sign.

Rasmus Tunheim  
sign.

Emil Olsen  
sign.

Ingrunn Aud Humberstet  
sign.

Jostein O. Mo  
sign.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Representantskapssak nr.: 9/90

Styresaker nr.: 26/90 og 30/90

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

## FRAMLEGG TIL RENOVASJONSAVGIFTER FOR 1991:

Renovasjonsavg.:	Pr. stativ	kr. 1.200,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. kollo	kr. 24,-, henta
Brennbart avfall:	Pr. tonn	kr. 1.250,-, levert
Brennbart avfall:	Pr. m3	kr. 137,-, levert
Grovavfall:	Pr. m3	kr. 100,-, levert

Satsane er utan meirverdeavgift, som vert å rekne attåt.

Tilråding til vedtak: Representskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1991 i samsvar med framlegget.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

## M Ø T E B O K

År 1990, måndag 23. april vart det halde møte i Representantskapet for Volda / Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Rasmus Tunheim  
Einar Flø  
Fredrik Mork Håskjold  
Emil Olsen  
Olav Røw



Elles møtte: Styreformann Lars Petter Øye  
Driftsleiar Knut Brune

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

- Sak 1/90 Søknad om fritak frå formannsvervet i representantskapet.  
Vedtak: Saka vart samrøystes utsett.
- Sak 2/90 Årsmelding for 1989.  
Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjend etter tilrådinga.
- Sak 3/90 Rekneskap for 1989.  
Vedtak: Rekneskapen vart samrøystes godkjend etter tilrådinga.
- Sak 4/90 Byggerekneskap for komprimatorstasjonen.  
Vedtak: Rekneskapen vart samrøystes godkjend etter tilrådinga.
- Sak 5/90 Lånefinansiering.  
Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.
- Sak 6/90 Budsjettendring 1990.  
Vedtak: Budsjettendringa for 1990 vart samrøystes vedteke i samsvar med vedlagte oppstilling.

Hovdebygda, den 11. mai 1990

  
Knut Brune  
driftsleiar

Volda/Ørsta Reinhaldsverk  
6160 Hovdebygda

Sak 1/90 Representantskapet

Sakshandsamer: Knut Brune

Jan Driveklepp har i brev av 5.12.89 søkt om å verte fritaken for vervet som leiar i representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk grunna endra arbeidstilhøve. Han har ikkje søkt om fritak for vervet som medlem av representantskapet.

Leiaren i representantskapet vert til vanleg kalla inn til alle styremøta i Reinhaldsverket, og bør møte mest mogeleg.

Av omsyn til dette og til Jan Driveklepp sjølv, bør søknaden imøtekome. Iflg. selskapet sine vedtekter, § 6, er det representantskapet som vel leiar og nestleiar.

Representantskapet må difor, om det innvilgar søknaden frå Jan Driveklepp, velje ny leiar. Dersom nestleiaren veljast til ny leiar, må ein velje ny nestleiar og. Det skal veljast blant representantskapet sine faste medlemmar.

Tilråding til vedtak: Jan Driveklepp sin søknad av 5.12.89 om fritak frå vervet som leiar i representantskapet for resten av valperioden vert imøtekome. Representantskapet vel ny leiar og i fall opprykk ny nestleiar.

Volda/Ørsta Reinholdswerk  
Representantskaperen

6160 HOVDEBYGDA

VEDK. SØKNAD OM FRITAK FOR KOMMUNALE TILLITSVERV I 1990.

2/ Vedlagt følgjer kopi av skriv av 5.12.89 frå Jan Driveklepp, der han m.a. søker om fritak frå vervet som leiar for representantskaperen i reinholdswerket.

Etter vedtektene for reinholdswerket er det representantskaperen sjølv som vel leiar og nestleiar.

Søknaden frå Driveklepp vert difor oversendt Dykk for vidare handsaming.

VOLDA RÅDMANNSKONTOR, den 14.12.89

*Randi Barstad*  
Randi Barstad  
sekr.leiar



0 7. 12

Jan Driveklepp  
Vikebygda

6100 VOLDA

5.12.89

Volda Kommune  
Rådmannskontoret

6100 VOLDA

Søknad om fritak for kommunale tillitsverv i 1990.

Frå 1.1.90 skal eg ta til i ny stilling i Alesund og skal pendle. Arbeidet vil også medføre utstrakt reiseverksemd både innen fylket og nasjonalt.

Av desse grunnar er det umogleg for meg utføre mine tillitsverv på ein tilfredsstillande måte. Særleg vanskeleg er det å sitje i HTS og som formann i representantskapet for Reinhaldsverket. I HTS pga dagmøte og hyppige møter og i Reinhaldsverket fordi der skjer mange store og prinsipielle endringar som krev tett oppfølging.

På denne bakgrunn søkjer eg fritak for desse to verva i alle fall for 1990 og helst for resten av perioda. Eg håper at dette kan innvilgast sidan alternativet er å melde avbod altfor ofte og systematisk.

Med helsing

Jan Driveklepp  
Jan Driveklepp

Volda/Ørsta Reinhaldsverk  
6160 Hovdebygda

BUDSJETT FOR 1990

Utgifter 1990:

38.00.010	Faste løner	Kr. 1.647.000,-
081	Ekstrahjelp	" 190.000,-
082	Overtid	" 30.000,-
090	Arb.gj.avgift	" 249.792,-
091	Pensjon	" 132.465,-
110	Nyanskaffelser maskiner / tekn.utstyr	" 90.000,-
200	Kontorutgifter	" 10.000,-
210	Lys / Brensel	" 30.000,-
212	Vask / Reinhald	" 25.000,-
225	Trygd bygg	" 8.000,-
226	Grunnleige	" 650,-
230	Reise / Kostgjodtgjersle	" 20.000,-
231	Ferjeutgifter	" 10.000,-
240	Avgifter / Trygd bilar	" 75.000,-
250	Drivstoff bilar	" 85.000,-
255	Transport til Grautneset	" 387.493,-
256	Transport glas	" 10.000,-
257	Transport spesialavfall	" 20.000,-
260	Rep. / Vedlikehald bilar	" 100.000,-
270	Klægodtgjersle	" 15.000,-
289	Avskr. bilar	" 270.000,-
290	Andre utgifter	" 25.000,-
294	Rekneskap / Revisjon	" 30.000,-
295	Leige maskiner / bilar	" 100.000,-
296	Sekkekjøp	" 360.000,-
297		" 0,-
298	Forbrenningskostnader	" 2.472.000,-
380	Renter kassakreditt	" 30.000,-
397	Renter bygg	" 440.000,-
400	Kjøp lastebil	" 760.700,-
580	Avdrag	" 0,-
	Utgifter	<u>Kr. 7.623.100,-</u>

Inntekter 1990:

38.00.60	Sal av sekkar	Kr. 30.000,-
61	Renovasjonsavg. 5.200 à kr. 1.037,-	" 5.392.400,-
62	Forretn.avfall 32.000 à kr. 20,-	" 640.000,-
62	Forretn.avfall 5.000 à kr. 114,-	" 570.000,-
	Privat levering	" 50.000,-
	Grovavfall 1.500 à kr. 60,-	" 90.000,-
984	Lån BN-Kreditt AS	" 1.000.000,-
	Inntekter	<u>Kr. 7.772.400,-</u>

Overskot, som vert nytta til å styrke  
kontantmidelen

Kr. 149.300,-

## MØTEBOK

År 1991 den 21. juni vart det halde møte i styret for Volda/Ørsta Reinholdsværk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Lars Petter Øye  
Knut Bere  
Helge Remøy  
Per R. Mork

Elles møtte: Per Mulvik AS v/ Per Schjelderup  
Voldaregnskap AS v/ Jon-H. Martinussen  
Driftsleiar Knut Brune

Styreleiararen ba om å få handsama 2 nye saker i møtet:

SAK 033/91 SØKNAD OM TILSKOT TIL MILJØKONFERANSE.

SAK 034//1 SPØRSMÅL FRÅ MØREFORSKNING OM AT VØR SKAL STÅ SOM SØKER OM TILSKOT TIL DU FOR EIT PROSJEKT OM ANAEROB BEHANDLING AV ORGANISK AVFALL.

Merknader til innkalling og sakliste elles: Ingen.

REFERATSAK: KLAGE PÅ VAL AV ENTREPRENØR TIL SLAMINNSAMLING.

Helge Remøy meinte at prisen skulle ha vore avgjerande, og at Andy Evensen skulle ha fått oppdraget. Elles ingen merknader.

SAK 024/91 REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 1990.

Framlegget til årsmeldinga vart endra på side 3, første avsnitt, der ein fjernar ordet ulovleg på 2 stadar.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til gjere slikt desisjonsvedtak:

Revisor sitt framlegg til desisjon vert godkjend.

SAK 025/91 FØRESEGNER SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Vedteke etter innstillinga, sett bort frå at nest siste line i # 11 går ut (slamtøming vert no sett igang snarast mogleg) (Korrigerte føresegner er lagd ved møteboka).

Føresegnene vert sendt til godkjenning i dei føresette instansar.

SAK 026/91      AVGIFTER SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Avgiftene vert fastsett etter innstillinga, sett bort frå at 2. avsnitt side 2 lyder: For større tankar og tankar som etter føresegnene skal tømast sjeldnare eller oftare enn 2.kvart år, vert årsgebyret fastsett av Reinhaldsverket.

Nest siste avsnitt skal lyde: satsane gjeld ..... (korrigert innstilling er lagt ved møteboka).

SAK 027/91      FINANSIERING SLAMTØMING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Til investeringar i samband med opparbeiding av lagerplass m.m. for avvatna slam er kapitalbehovet kr. 321.000,-. Beløpet skal søkjast finansiert gjennom lån i private låneinstitusjonar, og administrasjonen får i oppdrag å innhente tilbod på finansiering.

SAK 028/91      A) ORGANISASJONSPLAN.  
B) INSTRUKS FOR ADMINISTRATIV LEIAR.  
C) INSTRUKS FOR DRIFTSLEIAR.

Saka vart samrøystes utsett.

SAK 029/91      GROVAVFALLSPASS - DRØFTING.

KONKLUSJON AV DRØFTINGA:

Styret ber om møte med ordførarane, tekniske sjefar og rådmennene i Volda og Ørsta kommunar for diskusjon av avfallsspørsmål i kommunane.

Magnar Lid har ikkje godteke VØR sitt tilbod enno.

Magnar Lid vert å tilskrive med krav om forhandlingsmøte som er naudsynt før ein kan søke om oreigningsløyve hos Fylkesmannen.

I eit slikt møte skal Lars Petter Øye, Rasmus R. Aarflot og Knut Bere representere VØR.

SAK 030/91      BATTERIINSAMLING.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk fornyar avtalen med Batteri-innsamlingen for Midt-Norge for eitt år til ein kostnad

av kr. 2,50 pr. innbygger i kommunane, ialt kr. 45.610,-. MVA som er frådragsberettiga, kjem i tillegg.

- SAK 031/91 SØKNADAR OM FRITAK FRÅ ELLER REDUSERT RENOVASJONS-  
AVGIFT.
- VEDTEKE SAMRØYSTES.
- VEDTAKA LYDER:
- A) REGINE KLEPP.  
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- B) SIVERT HØYBAKK.  
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- C) ASLAUG DAHL.  
Søknaden om fritak for stativ kan imøtekomast.  
Søknaden om fritak frå renovasjon kan ikkje imøte-  
komast.
- D) RASMUS KVANGARDSNES.  
Søknaden om fritak for stativ kan imøtekomast.  
Søknaden om fritak frå renovasjon kan ikkje imøte-  
komast.
- E) KIRSTEN OG EINAR AAMBAKK.  
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- F) GUNVOR RØNNING.  
Søknaden kan ikkje imøtekomast.
- SAK 032/91 REKNESKAP PR. 31.05.1991.
- Rekneskapan pr. 31.05.1991 vart framlagt og teke til vitande.
- SAK 033/91 SØKNAD FRÅ NATUR- OG MILJØVERNFORBUNDET V/ GUNNAR  
WANGEN OM TILSKOT PÅ KR. 1.000,- TIL AVFALLSMØTE I  
VOLDA.
- VEDTEKE SAMRØYSTES.
- VEDTAKET LYDER:  
VØR yter eit tilskot på kr. 1.000,- til Natur- og  
Naturvernforbundet v/ Gunnar Wangen. Tilskotet vert å  
dekke over konto nr. 38.00.290 Andre utgifter.
- SAK 034/91 ANAEROB BEHANDLING AV ORGANISK AVFALL - DRØFTING.

## KONKLUSJON AV DRØFTINGA:

Saka vert teken opp i eit seinare møte.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

## M Ø T E B O K

År 1990, den 20. november vart det halde styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda kl. 1800.

Til stades: Lars Petter Øye, Knut Bere, Helge Remøy og Per Mork.  
Meldt forfall: Rasmus R. Aarflot.  
Frå representantskapet: Jan Driveklepp, formann.  
Frå Voldaregnskap AS: Jon-H. Martinussen.  
Frå Per Mulvik AS: Per Schjelderup

Desse sakene vart handsama:

- Sak 30/90 Avgift på grovavfall for 1991.  
Framlegget vart etter diskusjon endra, slik at avgift berre vert å rekne etter volum.  
Vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta at avgifta for grovavfall for 1991 skal vere kr. 100,- pr. m2 for levert avfall. Meirverdeavgift kjem i tillegg.
- Sak 31/90 Framlegg til førespurnad om tilbod på innsamling av slam. Under handsaminga kom det framlegg om at siste setninga i tilrådinga til vedtak vert teke ut.  
Vedtak: Per Mulvik AS får fullmakt til å hente inn tilbod på innsamling av slam og til å nytte det utarbeidde tilbodsokumentet til dette.
- Sak 32/90 Fullmakter disponering av bankkonti.  
Vedtak: Fullmakt til Per Schjelderup og Nils Velle til å disponere kontoane 8702 06 86748 og 8702 09 75561 vert trekt attende.  
Knut Brune og Nils Velle får fullmakt til i fellesskap å disponere konto nr. 8702 08 46796. Fullmakta til å disponere konto nr. 8702 05 03821 vert oppretthalde.  
Lars Petter Øye får fullmakt til å disponere kontoane 8702 05 03821 og 8702 08 46796 saman med anten Nils Velle eller Knut Brune.

Alle vedtak var samrøystes. Møtet heva kl. 1925.

Lars Petter Øye  
sign.

Knut Bere  
sign.

Helge Remøy  
sign.

Per Mork  
sign.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr.: 30/90

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

## FRAMLEGG TIL AVGIFTER PÅ GROVAVFALL FOR 1991:

Som kjent vert det arbeidd med å skaffe grovavfallsfyllplass. Dette arbeidet er no kome langt, og ein reknar med at plassen skal kunne nyttast i 1991 dersom alt går som ein ventar.

Per Mulvik AS har rekna ut at kostpris pr. m3 levert grovavfall vil verte kr. 87,- eks. mva. Dette er ein berekna kostnad, og det vil kunne kome endringar i føresetnadene, slik at kostnaden vert endra, og avgift må settast so høgt at ein ikkje risikerer å tape pengar på ordninga.

På bakgrunn av dette finn ein å gjere framlegg om nedanstående satser for mottak av grovavfall for 1991 (satsane er utan meirverdeavgift):

Grovavfall:	Pr. m3	kr. 100,-, levert
Grovavfall:	Pr. tonn	kr. 600,-, levert

Til samanlikning kan ein nemne at Ulstein tek kr. 94,- pr. m3 og at Ålesund tek kr. 70,- pr. m3 (1990-satsar). Dersom ein reknar med "normal" prisstigning for 1991, vert dei satsane som er føreslegne ovanfor, liggjande på omlag same nivå som i Ulstein.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til gjere slikt vedtak: Representantskapet i Volda / Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta avgiftene for grovavfall for 1991 i samsvar med framlegget.

Vedtak:



# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr.: 31/90

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

## FRAMLEGG TIL FØRESPURNAD OM TILBOD PÅ INNSAMLING AV SLAM.

Per Mulvik AS har iflg. oppdrag arbeidd ut dokument for innhenting av tilbud på innhenting av slam. Dokumentet som er lagt ved, virkar vel gjennomarbeidd og synest å omfatte dei naudsynlege element for eit slikt tilbud.

Utsending av eit slikt tilbud forpliktar ikkje Reinhaldsverket på noko vis, men ein bør kan hende i ei mogeleg utlysing ta atterhald om endeleg godkjenning og finansiering frå representantskapet.

Innhenting av tilbud bør ein få utført snarast råd for vidare vurdering av slamproblemet, som av departementet vert sett på som sær s aktuelt.

Tilråding til vedtak: Per Mulvik AS får fullmakt til å hente inn tilbud på innsamling av slam og til å nytte det utarbeidde tilbodsdocumentet til dette. Det skal i utlysinga takast atterhald om naudsynt godkjenning frå representantskapet.

Vedtak:

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

TILBOD SLAMBEHANDLING

**PER**

**MULVIK AS**

RÅDGIVANDE INGENIØRFIRMA

POSTBOKS 86 6101 VOLDA TLF 070 76535

TELEFAX 070 78163

---

## 1. ORIENTERING.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap skipa av kommunane Volda og Ørsta.

Selskapet har til formål å ta seg av all avfallshandtering i kommunane, mellom anna slambehandling.

Begge kommunane har vedteke å innføre tvungen tøming av septik-tankar/slamavskiljarar i medhald av Forureiningslova § 34.

Kommunane har vidare vedteke at slambehandlinga skal løysast med mobil avvatning, og at det avvatna slammet skal lagrast på opparbeidd plass i Alida i Volda kommune.

Oversiktskart fylgjer vedlagt.

## 2. KVEN SKAL INN UNDER ORDNINGA.

Dei vanlegaste kloakkløysingane i kommunane er enten direkte tilknytting til offentleg eller privat avløpsnett, eller løysing med slamavskiljar.

Alle abonnentar med slamavskiljarar skal betale tømavgift. Det same gjeld abonnentar som er tilknytt felles slamavskiljarar. Det er sansynleg at talet på store slamavskiljarar vil auke, medan talet på små vil avta. Prinsippet er at dei som ikkje betalar kloakkavgift skal inn på ordninga.

Eventuelle søknader om dispensasjon vert å behandle etter gjeldande regelverk.

Det knyter seg ein del uvisse til antal tankar. Ved gjennomgang og vurdering av dei einskilde krinsane i kommunane, ser det ut til at 3900 personar i Ørsta og 1900 personar i Volda ligg utanfor kommunale utsleppsleidningar. Med 3,5 personar pr. husstand i gjennomsnitt, gir dette eit tankantal på 1650 stk. Vi presiserer at det knyter seg mange usikre moment til utrekningsmåten, slik at det endelege talet kan kome til å vise eit anna resultat.

### 3. ORGANISERING AV INNSAMLINGA/ENTREPRENØRENS OPPGÅVER.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk vil som oppdragsgjevar setje slam-behandlinga bort på entreprise. Som nemnt innleiingsvis, er behandlingsforma vedteken og låst, slik at type utstyr er svært begrensa. Tilbydar må på bakgrunn av opplysningane i dette dokumentet vurdere alle forhold av betydning, inkludert i tømepreis.

For eigedomar med fast busetjing og toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljaren tømast 1 gong 2. kvart år. For fritidshus skal slamavskiljaren tømast 4. kvart år. Tette oppsamlingstankar skal tømast etter avtale.

Tøming skal utførast slik at det ikkje er til ulempe for nokon med omsyn til støv, lukt eller støy.

Entreprenøren vert pliktig til nøye å halde tømerrutinane. Etter avvatning skal slammet transporterast til lagerplass i Alida, og tippast etter avtale med reinhaldsverket.

Tankane er ikkje registrert på førehand, og det ligg heller ikkje føre oversikt over antalet. Registreringa skal utførast ved 1. gongs tøming. Skjema for dette vil bli utarbeidd. Registreringskostnaden skal inngå i tømepreisen.

Entreprenøren vil vidare vere ansvarleg for å varsle i føre-vegen for tøming. For tankar tømde for mindre enn eitt år sidan, vil det mot framvist kvittering bli kravd redusert avgift for 1. gongs tøming. Det vil vere abonnentens oppgåve å grave fram kumlokket og å påvise dette overfor entreprenøren.

Ved 1. gongs tøming skal entreprenøren nøye registrere abonnentane. Registreringa skal danne grunnlag for innkrevjing av avgift. Abonnentane skal rangerast etter køyrerute, og innehalde namn, adresse, gnr./bnr., tankstorleik, tømefato og status på tankane.

Kartoversikt over dei aktuelle tømehområda ligg ved.  
Som fylgje av utarbeiding av kloakkrameplanar, kan dei aktuelle tømehområda endre seg.

Reinhaltsverket tek sikte på at like tankar skal ha lik tømehompris uansett plassering i kommunane. Entreprenøren skal derfor gje opp ein gjennomsnittleg tømehompris med bakgrunn i den geografiske plassering av tankane.

For dei tilfelle det blir bygd store offentlege slamavskiljarar skal det gjevast opp ein tømehompris pr. m<sup>3</sup>.

For dei tilfelle at tankane ligg så vanskeleg plassert at dei ikkje kan tømast med vanleg utstyr, skal det gjevast opp tilleggspris pr. tank.

Entreprenøren skal kunne rykke ut og tømehom i særlege tilfeller. For ekstratømehomgar skal renovatøren sjølv sende rekning til abonnenten på meirkostnaden.

Entreprenøren sitt tilgodehavande overfor Volda/Ørsta Reinhaltsverk skal fakturerast etterskotsvis pr. mnd.

Dersom det er endra status på tankar frå føregåande tømehom, skal dette registrerast på skjemaet.

Tilbydar skal oppgje kompetanse på området.

NS 3401 blir lagt til grunn for avtalen i den utstrekning den kan gjerast gjeldande.

Volda/Ørsta Reinhaltsverk vil forlange bankgaranti i samband med oppretting av avtale.

#### 4. KRAV TIL UTSTYR.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk vil sette strenge krav til at det tilbudne utstyret er i topp teknisk stand, og krev såleis at utstyret ved oppstart er av nyare dato. Dette gjeld både køyretøy og behandlingsanlegg. Utstyrets alder må dokumenterast ved tilbodslevering.

Etter at 1. gongs tømning er gjennomført, vil kravet til tørrstoffinnhald i avvatna slam vere min. 20 %.

Krav til løftehøgde er min. 10 m, og slangelengde min. 70 m. Anlegget skal vere utstyrt med høgtrykksspylar, slangelengde min. 70 m.

Entreprenøren må sjølv syte for at utstyr og køyretøy blir dimensjonert i samsvar med gjeldande aksellastbestemmelsar.

Eventuell dispensasjon frå aksellastbestemmelsane må avklarast mellom tilbydar og dei respektive styresmakter.

5. AVTALETID/AVTALEFORM.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk legg opp til ei avtaletid på 4 år, med tømefrekvens som oppgjeve framanfor.

Dersom entreprenøren tar forbehold om regulering av pris i avtaletida, skal reguleringsmetode oppgjevast.



6. SPESIFIKASJON AV PRISAR.

Det ligg ikkje føre oversikt over antal tankar i kommunane, men ca. 56 % av eigedomane er tilknytta godkjend avløpsordning og betalar ordinær kloakkavgift.

Nøyaktig oversikt vil ligge føre etter 1. gongs tøming.

Det er forventa at slammengda vil auke som fylgje av målsettinga frå sentralt hald om å redusere utslepp til sjø.

Ein reknar med at det vesentlege tankantalet ligg innanfor storleiken  $4,5 \text{ m}^3$ .

Tømepris pr. tank skal spesifiserast etter tankstorleiken slik:

Prisar ved tøming av inntil 500 tankar pr. år:

Inntil  $4,5 \text{ m}^3$  - kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.  
 " 7,5 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 " 10,0 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 Over  $10,0 \text{ m}^3$  - pris pr.  $\text{m}^3$  kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.

Prisar ved tøming av mellom 500 og 600 tankar pr. år:

Inntil  $4,5 \text{ m}^3$  - kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.  
 " 7,5 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 " 10,0 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 Over  $10,0 \text{ m}^3$  - pris pr.  $\text{m}^3$  kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.

Prisar ved tøming av mellom 600 og 750 tankar pr. år:

Inntil  $4,5 \text{ m}^3$  - kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.  
 " 7,5 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 " 10,0 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 Over  $10,0 \text{ m}^3$  - pris pr.  $\text{m}^3$  kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.

Prisar ved tøming av mellom 750 og 1000 tankar pr. år:

Inntil 4,5 m<sup>3</sup> - kr. \_\_\_\_\_ eks.mva  
 " 7,5 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 " 10,0 " - kr. \_\_\_\_\_ " "  
 Over 10,0 m<sup>3</sup> - pris pr. m<sup>3</sup> kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.

Prisar ved tøming av mellom 1000 og 1300 tankar pr.år:

Inntil 4,5 m<sup>3</sup> - kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.  
 " 7,5 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 " 10,0 " kr. \_\_\_\_\_ " "  
 Over 10,0 m<sup>3</sup> - pris pr. m<sup>3</sup> kr. \_\_\_\_\_ eks.mva.

Prisane skal vere å forstå inklusive avvatning, transport og tøming på lagerplass i Alida.

For arbeid som skal utførast utanom den fastsette rutinen, skal entreprenøren gje opp betingelsar som vil kome i tillegg til den avtalte m<sup>3</sup>-pris.

Volda/Ørsta Reinholdswerk vil stå fritt til å velge kva som helst av dei innkomne tilbod eller å forkaste samtlege. Valg av tilbod vil skje ut frå ei heilskapsvurdering av det som styret meiner tener reinholdswerket best. Reinholdswerket har ikkje plikt til å grunngje sitt standpunkt vedkomande valg av tilbod.

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
 Entreprenør

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak nr. 32/90

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

## FULLMAKT TIL Å DISPONERE BANKKONTI.

Reinhaldsverket har hatt ein byggelånskonto, 8702 06 86748, som no er gjort opp og avvikla. Vidare har ein hatt ein konto nr. 8702 09 75561 i samband med byggjinga av komprimatorstasjonen. Denne er gjort opp og avvikla. Desse kontoane vart disponert av Per Schjelderup og Nils Velle i fellesskap. Formelt sett skal desse fullmaktene trekkast attende av styret.

Reinhaldsverket har ein kassakredittkonto nr. 8702 05 03821. Denne kan idag disponerast av Knut Brune og Nils Velle i fellesskap. Dersom ein av desse vert sjuke eller er fråverande av andre årsaker, kan ein ikkje oppretthalde normale betalingsrutinar i selskapet. For å hindre at slikt skal kunne hende, ser ein det som praktisk at styreformannen i selskapet, Lars Petter Øye vert tildelt fullmakt til å disponere kontoen sammen med ein av dei to andre, Knut Brune eller Nils Velle, ved behov.

Det er oppretta ein konto nr. 8702 08 46796. Dette er ein konto som er oppretta for innsetting av skattetrekksmidlar, jfr. regelverket for oppbevaring av slike midlar. Denne kontoen nyttas berre til skattetrekk og ikkje noko anna. Styret har ikkje gjeve nokon fullmakt til å disponere denne kontoen, og ein ser det som praktisk om denne kontoen kan disponerast av dei same personane som disponerer kassakredittkontoen, nemleg Knut Brune og Nils Velle og etter ovanstående framlegg, Lars Petter Øye.

Tilråding til vedtak: Fullmakt til Per Schjelderup og Nils Velle til å disponere kontoane 8702 06 86748 og 8702 09 75561 vert trekt attende.  
Knut Brune og Nils Velle får fullmakt til i fellesskap å disponere konto nr. 8702 08 46796. Fullmakta til å disponere konto nr. 8702 05 03821 vert oppretthalde.  
Lars Petter Øye får fullmakt til å disponere kontoane 8702 05 03821 og 8702 08 46796 saman med anten Nils Velle eller Knut Brune.

Vedtak:

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

## M Ø T E B O K

År 1990, den 22. oktober vart det halde styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda kl. 1900.

Til stades: Lars Petter Øye, Rasmus R. Aarflot, Knut Bere, Helge Remøy og Per Mork.  
Frå Voldaregnskap AS: Nils Velle og Jon-H. Martinussen.

Desse sakene vart handsama:

- Sak 21/90 Protest mot renovasjonsordninga frå Oddvar Rekkedal, Sæbø.  
Vedtak: Søknaden vart ikkje imøtekomen.
- Sak 22/90 Søknad om halv renovasjonsavgift frå Nora Pedersen, Margit Wik og Ragna Wik, alle Velsvik.  
Vedtak: Søknaden vart ikkje imøtekomen.
- Sak 23/90 Søknad frå Målfrid Pedersen og Arnt Moe, Ørsta om å få bruke eit stativ på deling.  
Vedtak: Søknaden vart ikkje imøtekomen.
- Sak 24/90 Framlegg til endring av budsjett for 1990.  
Vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Budsjettendringa for 1990 vert godkjend.
- Sak 25/90 Framlegg til budsjett for 1991.  
Vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Framlegg til budsjett for 1991 vert godkjend med atterhald om at kostnaden for avfall levert til forbrenning på Grautneset vert som tilrådd av administrasjonen i Tafjord Kraft.
- Sak 26/90 Framlegg til renovasjonsavgifter for 1991.  
Vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å vedta renovasjonsavgiftene for 1991 i samsvar med framlegget.
- Sak 27/90 Borghild Samuelsen har munnleg søkt om fornya handsaming om fritak frå renovasjonsordninga.  
Vedtak: Søknaden om fritak kan diverre ikkje imøtekomast.
- Sak 28/90 Jon og Sofie Blomvik, Ørsta søker om å få nytte 1 stativ på eigedomen sin.  
Vedtak: Etter redegjørelse av 19.10.90 godkjenner styret at eigedomen kan ha 1 stativ.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 29/90 Faktura frå Volda kommune på kr. 40.000,-. Fakturaen skal dekke følgjande kostnader for 1989:  
Klargjering av bilag for lønnskjøring  
Arbeid avgiftsinnkrevjing  
Klagehandsaming  
Handtering av bosstativordninga.

Ein finn det ikkje rett å betale for tenester til Volda kommune som og vert utført av Ørsta kommune utan at Ørsta krev vederlag. På grunnlag av dette finn ein å kunne tilby Volda kommune eit vederlag på kr. 25.000,- til dekning av særkostnader for Reinhaldsverket i 1989.




Vedtak: Faktura frå Volda kommune på kr. 40.000,- vert å betale med kr. 25.000,-.


## Melding:

Revisjonsrapport av 15.10.90 vart referert og teke til vitande. Rutinedokumentasjonar vert å gjennomgå av styreformannen og rekneskapsføraren i fellesskap. Ramene for organisasjonsplanen skal trekkast opp av dei same og handsamast i styret seinare.

Hovdebygda, den 3. november 1990

  
Lars Petter Øye

  
Jon-H. Martinussen

# Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Sak nr. 24/90

Sakshandsamar: Jon-H. martinussen

## ENDRING AV BUDSJETT FOR 1990.

Året 1990 er det første året stasjonen i Hovdebygda er i drift. Då budsjettet for 1990 i si tid vart utarbeidd, hadde ein lita og inga røynsle for korleis kostnadsbiletet ville verte ved normal drift.

Etter at 2. tertial no er passert, meiner ein å ha skaffa seg god oversikt over både kostnader og inntekter. På grunnlag av dette har ein utarbeidd forslag til revidert budsjett pr. 14.09.1990. Endringane går klårt fram av forslaget, og bare få kommentarar synest naudsynte:

- 082 Overtid. Naudsynt for gjennomføring av 2 "lang dagar" ved stasjonen i veka.
- 200 Reklame. Kampanje for markering av dei tenester som vert ytt av Reinhaldsverket, og som ikkje tidlegare var budsjettert.
- 260 Rep.bilar: Gjeld store uforutsette kostnader, særleg på ein bil.
- 293 Batteriinns.: Teneste pålagd av Miljødepartementet, og som ikkje tidlegare var budsjettert.
- 294 Regnskap/Rev.: Oppjustering gjeld hovudsakleg uforutsett rekning frå Volda kommune for 1989, som er vedlagt sakspapira.
- 297 Kjøp stativ: Dette vert no handtert av Reinhaldsverket, medan det tidlegare var handtert av kommunane. Sjå inntektspost tilsvarande nr. 602.
- 410 Spesialavfall: Utført 1990 etter vedtak, men har ikkje vore budsjettert tidlegare. Finansiering under postane 840 og 985.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Budsjettendringa for 1990 vert godkjend.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk  
6160 Hovdebygda

BUDSJETT FOR 1990

(Revidert pr. 14. september 1990)

Utgifter 1990:		Nytt budsj:	Endring:
		Kr.	Kr.
38.00.001	Møtegodtgjersle	18.600	+ 18.600
010	Faste løner	1.600.000	- 47.000
081	Ekstrahjelp	305.000	+ 115.000
082	Overtid	90.000	+ 60.000
090	Arb.gj.avgift	280.000	+ 30.208
091	Pensjon	101.000	- 31.465
095	Sosiale kostnader	4.500	+ 4.500
100	Kjøp ny renovasjonsbil (ovf. fra .400)	760.700	-
110	Nyanskaffelser maskinar/tekn.utstyr	115.700	+ 25.700
151	Vedlikehald Alida	17.000	+ 17.000
152	Vedlikehald Komprimatorstasjon	60.000	+ 60.000
153	Vedlikehald maskinar/utstyr	15.000	+ 15.000
200	Kontorutgifter, inkl. reklame	48.000	+ 38.000
201	Gebyrer etc. betalingsformidling	1.700	+ 1.700
210	Lys / Brensel	33.000	+ 3.000
211	Reinhaldsmateriell, lyspærer etc.	800	+ 800
212	Vask og reinhald	29.000	+ 4.000
213	Kommunale avgifter	4.500	+ 4.500
222	Trygd bygg	8.000	-
226	Grunnleige fyllplass	1.000	+ 350
230	Reise / Kostgjodtgjersle	40.000	+ 20.000
231	Ferjeutgifter	15.000	+ 5.000
240	Avgifter / Trygd bilar	78.000	+ 3.000
250	Drivstoff bilar	85.000	-
255	Transport til Grautneset	360.000	- 27.493
256	Transport glas	10.000	-
257	Transport spesialavfall	0	- 20.000
260	Rep. / Vedlikehald bilar	200.000	+ 100.000
270	Verne- og arbeidskle	15.000	-
280	Garanti- & ulykkestrygd personer	14.400	+ 14.400
289	Avskr. bilar	93.750	- 176.250
290	Andre utgifter	25.000	-
291	Kursutgifter	2.000	+ 2.000
293	Utgifter batteriinnsamling	55.600	+ 55.600
294	Rekneskap / Revisjon	90.000	+ 60.000
295	Leige maskiner / bilar	100.000	-
296	Sekkekjøp	360.000	-
297	Kjøp av stativ	130.000	+ 130.000
298	Forbrenningskostnader	2.472.000	-
299	Bedriftshelsetenesta	14.950	+ 14.950
340	Skadeerstatninger	11.500	+ 11.500
380	Renter kassakreditt	75.000	+ 45.000
381	Renter lån anlegg	600.000	+ 160.000
382	Renter lån bilar	90.000	+ 90.000
401	Komprimatorstasjon Hovdebygda	4.000	+ 4.000
410	Anlegg spesialavfall	128.000	+ 128.000
		<u>8.562.700</u>	+ <u>939.600</u>

Inntekter 1990:

		Nytt budsj:	Endring:
		Kr.	Kr.
38.00.60	Sal av sekkar	- 2.150	- 32.150
602	Sal av stativ	156.000	+ 156.000
61	Renovasjonsavg. 5.250 à kr. 1.037,-	5.444.250	+ 51.850
62	Forretn.avfall 37.000 à kr. 20,-	740.000	+ 100.000
62	Forretn.avfall 5.000 à kr. 114,-	570.000	-
62	Forretn.avfall 2. t. 89 frå Volda	340.000	+ 340.000
	Privat levering	50.000	-
	Grovavfall 1.500 à kr. 60,-	90.000	-
670	Andre inntekter	9.300	+ 9.300
700	Refusjon sjukepengar	35.000	+ 35.000
701	Refusjon feriepengar	4.500	+ 4.500
840	Tilskot nyanlegg	75.000	+ 75.000
984	Lån BN-Kreditt AS	1.000.000	-
985	Lån Kommunalbanken	75.000	+ 75.000
	Inntekter	<u>8.586.900</u>	+ <u>814.500</u>
	Overskot, vert nytta til å styrke kontantmidelen	<u>24.200</u>	
	Underskot frå 1989, dekkast 1991	<u>22.615</u>	



# Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Sak nr. 25/90

Sakshandsamar: Jon-H. Martinussen

## FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 1991.

Etter å ha dreve verksemda si frå Miljøstasjonen i Hovdebygda, som er eit topp moderne anlegg, siste året, har Reinhaldsverket no markert seg som ein god serviceinstitusjon for folk og verksemder i Volda og Ørsta kommunar.

Renovasjonsområdet er utvida monaleg, og dekkjer no alle område som kommunane har vedteke å skulle ha tvungen offentleg renovasjon. Dette vil i praksis seie at so godt som begge kommunene er dekkja i si heilheit.

Ein satsar på god service, og har "langope" 2 dagar i veka.

Det er oppretta mottak for kvitevarer, batterier, papir, papp og spesialavfall. Det er og plassert ut containere for mottak av glass på sentrale plassar i begge kommunane. Desse ordningane kostar omlag kr. 300.000,- og utgjør omlag 3,7% av driftsbudsjettet for 1991, og er eit nytt tilbod kome til siste året.

Mottak av slam og grovavfall er under utredning, men kostnadar til drift er teke med for halve året 1991.

Bilparken er fornya med 2 bilar for å sikre ei påliteleg innsamling, og kostnadane med dette kommer for fullt i 1991.

Dei høge oljeprisane påverkar kostnadane, og ein har prøvd å ta omsyn til dette i budsjettet, men situasjonen synest å vere sær sars labil.

Ein har tidlegare budsjettert med innsparingar frå innsamlinga av resirkulerbart avfall, men dette har førebels falle bort, medan papp gir negativt resultat, då dette fører med seg ein reduksjon i mengda av forretningsavfall som ein elles skulle hatt betaling for.

Alt dette fører med seg kostnadar som må dekkast opp med tilsvarande inntekter, og det vil seie at ein må auke satsane på alle tenester ein skal ha betaling for, jfr. framlegget til budsjett som er lagt ved.

Stativavgifta vert for 1991 kr. 1.200,- eks. mva, ein auke på kr. 163,- i høve til 1990, m.a.o. 15,71%.

Dette kan synest å vere ei svært stor stigning, men det er nokre moment som må vurderast mot dette, og som gjer at auken ikkje eigentleg er so stor likevel:

Avgifta vart ikkje regulert frå 1989 til 1990. I høve til andre avgifter, skulle denne ha vore regulert med 4%. Då ville avgifta for 1990 ha vore på kr. 1.080,- eks. mva., ein auke på kr. 43,- pr. stativ som brukarane våre har spart i 1990.

Gratis mottak av resirkulerbart avfall, spesialavfall frå hushaldningane utgjør omlag kr. 55,- pr. stativ, og dersom ein ikkje ville tilby denne tenesta, ville avgifta pr. stativ kunne settast til kr. 1.145,-, og teoretisk auke for 1991 ville verte kr. 65,- når ein tek omsyn til det ein

skulle ha lagt til for 1990.

Dette medfører ein auke på vel 6% for 1991 for samme tenester som for 1989, som må seiast å vere akseptabelt når ein tar omsyn til den auken i standard som har funne stad på dei fleste område i vår verksemd.

Ein vil gjere merksom på at det ikkje er teke med midlar til investeringar i maskinar og teknisk utstyr i budsjettframlegget.

Budsjettet er satt opp på et særns nøkternt grunnlag, og reduksjonar i kostnadane, må i so fall føre til reduksjon i dei tenestene ein kan yte.

Tilråding til vedtak: Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak: Framlegg til budsjett for 1991 vert godkjend med atterhald om at kostnaden for avfall levert til forbrenning på Grautneset vert som tilrådd av administrasjonen i Tafjord Kraft.

Vedtak: Samrøystes etter tilrådinga.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

## M Ø T E B O K

År 1990, den 26/6 vart det halde styremøte i Volda/Ørsta reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda kl.1900.

Til stades: Lars Petter Øye, Helge Remøy, Knut Bere, Per R Mork,  
Frå Per Mulvik A/S Per Schjeldrup i sak 15-16-17  
" Voldarekneskap Nils Velle i sak 18  
Rasmus R Aarflot møtte ikkje grunna reise.  
Jan Driveklepp var innkalla til møte, men møtte ikkje.  
Frå adminstrasjonen: Knut Brune

Desse sakene vart handsama

Sak 15/90 Slambehandling

### Vedtak

- 1 Styret i Volda/Ørsta reinhaldsverk vedtek at det skal utarbeidast tilbodsokument for slamtøming, tilbod skal innhentast og det skal på den bakgrunn utarbeidast føresegner m/avgiftssatsar og driftsinnstruks
- 2 Per Mulvik A/S vert engasjert til føreskrivne utgreingsarb. innanfor ei kostnadsramme a, ca, kr.30.000.-

Sak 16/90 Byggerekneskap spesialavfall

### Vedtak

- 1 Byggerekneskapen vert godkjendt.
- 2 Revidert rekneskap vert å oversende Miljødepartementet for handsaming.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

## M Ø T E B O K

Sak 17/90 Grovavfallsfyllplass

### Vedtak

1. Styret går innfor å invistere i grovavfallsfyllplass som skissert i vedlegg.
2. Det skal gjerast endlege avtalar, utarbeidast driftsinstruks, og søkjast godkjenning i rette styreorgan. Vidare utarbeidast endlege kostnadsoverslag, og finansjeringsplan, driftsbudsjett m/avgiftssatsar.

Sak 18/90 Budsjettersikt

### Vedtak

Budsjettersikt pr.31/6.90 vert teke til vitande. Forslag til budsjettjustering for 1990 og forslag til budsjett for 1991 vert å legge fram for handsaming i førstninga av september.

Sak 19/90 Krav om utpanting

### Vedtak

Volda/Ørsta reinhaldsverk tek til vitande dei insetament som framgår av brev av 29/5.90 frå Gunnar Eidheim, og fritek han frå renovasjonsordninga fram til 1/6.90.

M Ø T E B O K

Sak 20/90 Søknad om fritak for renovasjon.

Søkjar nr.26 Asbjørn Stennes 6160 Hovdebygda

Vedtåk

Søknaden kan ikkje imøtekomast

Søkjar nr.28 Borghild Samulsen 6120 Folkestadbygd

Vedtåk

Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Ankesak: Dagfinn Bjørkedal 6120 Folkestadbygd

Melding, brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal

Protokoll frå lønsforhandlingane vart referert

Møte slutt kl.2045

Hovdebygda 10/7.1990

  
Knut Brune

driftsleiar

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 15/90 Slambehandling

Sakshandsamar Knut Brune

Viser til vedlagde oppstilling frå Per Mulvik A/S

Tilråding til vedtak

Styret i Volda/Ørsta reinhaldsverk vedtek at det skal utarbeidast tilbodsdokument for slamtøming, tilbod skal innhentast og det skal på denne bakgrunn utarbeidast føresegner m/avgiftssatsar og driftsinstruks.

# PER MULVIK AS

RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

BYGNINGSTEKNIKK - BYGGELEDELSE

KOMMUNALTEKNIKK - LANDMÅLING

6101 VOLDA,

BOKS 86

Telefon ..... 070-76 535

Telefax ..... 070-78 163

Mobiltelefon .... 090-32 399

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

6101 Volda

## Slambehandling - orientering om planleggingsarbeidet.

Slamsaka er no kome langt og nermar seg sluttfasen. Alt materiell som tidlegare er utarbeidd er no sendt over til fylkesmannen for godkjenning. Kommunestyrevedtaka om innføring av tvungen slamtøming fylgjer dei øvrige dokumenta.

Vi har også utarbeidd forslag til søknad om utsleppsløyve for lagerplassen. Så snart det kjem tilbakemelding frå fylkesmannen vil formell søknad bli sendt. Dette er stoda pr. d.d.


Det som no står att er å utarbeide tilbodsokument, innhente tilbod og utarbeiding av føresegner m/avgiftssatsar og driftsinstruks.

På fylkesplan blir det no arbeidd med å løyse slamproblematikken også for andre kommunar. Volda/Ørsta Reinhaldsverk har for sin del på det næraste løyst problemet, og sit i dag inne med bakgrunnsmateriale som med fordel kan danne mønster for andre kommunar. Det kunne såleis vere verd å vurdere om VØR kunne stille sitt materiell til disposisjon for eit større opplegg, og på den måten kunne få inndekt noko av sine kostnader med utgreiings- og planleggingsarbeidet.

Dei totalt påløpte kostnader med slamsaka fram t.o.m. 12.6.90 utgjer kr. 43.851,- eks. avg., inkl. bikostnader.

Kva det attståande arbeidet kan beløpe seg til er vanskeleg å anslå, men dersom ikkje uventa vanskar oppstår vil nok restarbeidet kunne gjennomførast innanfor kr. 30.000,-.

Volda 14.6.90



# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 16/90 Byggerekneskap spesiakavfall

Sakshandsamar Knut Brune

Vedlagdt fyljer byggerekneskapen for spesialavfallsordninga. Trass i fleire purringar er ikkje søknad om finansiering og søknad om dekning av drifts underskot første driftsår ferdig handsama i Miljødepartementet.

Etter telef.samtale med Miljødepartementet 15/6.90 er det noko uklart om kvar søknadene ligg, men saka vert undersøkt og tilbakemelding gitt. Det vart presisert at reinhaldsverket er i knipe så lenge tilsagnet ikkje ligg føre.

## Tilråding til vedtak

Byggerekneskapen vert godkjendt og oversendt Miljødepartementet, ~~sa snart det ligg føre tilsagn på lån og tilskot, og det er gitt garanti for driftsunderskot i første driftsår.~~



# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

## Sak 17/90 Grovavfallsfyllplass

Sakshandsamar Knut Brune

Det vert vist til vedlagde utgreing frå Per Mulvik A/S.

Etter berekningane vil avgifta ligge innanfor dei satsar som gjeld andere stader der det er etablert ordna grovavfallsfyllingar.

### Tilråding til vedtak

*gjer inngjerding*  
Styret vedtek <sup>4</sup>å invistere i grovavfallsfyllplass som skissert i vedlegg.

~~Det skal gjerast endlege avtalar, og innhentast bindane tilbud på inngjerding og fjernkontroll/kommunikasjon. Etter dette skal saka leggast fram for styret på nytt før endleg vedtak vert fatta.~~

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Sak 20/90 Søknad om fritak for renovasjon

Sakshandsamar Knut Brune

Søkjar nr.26 Asbjørn Steinnes 6160 Hovdebygda

Saka vart utsett i styremøte 1/3.90 og sendt over til HHS i Ørsta kommune for uttale.

HHS har i møte 25/4.90 handsama søknaden og kan ikkje tilrå at Asbjørn Steinnes vert friteken for å vere med i renovasjons ordninga.

Tilråding til vedtak.

Søknaden kan ikkje imøtekomast.

Søkjar nr.28 Borghild Samulsen 6120 Folkestadbygd

Eigedomen ligg i område for tvungen renovasjon

Tilråding til vedtak

Søknaden kan ikkje imøtekomast

Ankesak. Dagfinn Bjørkedal 6120 Folkestadbygd

Melding, brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda/Ørsta reinhaldsverk  
6160 Hovdebygda.

M Ø T E B O K

År 1990, 1.mars vart det halde styremøte i Volda/Ørsta reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda kl.20.

Til stades: Lars Petter Øye, Helge Remøy, Rasmus R Aarflot  
Knut Bere, Per Mork.

Frå adminstrasjonen : Knut Brune

" Per Mulvik A/S : Per Schjeldrup

Saker til handsaming:

Sak 1/90

Tilsetjing av fagarbeidar

Saka vart utsett.

Av søkjarane vert Olav Lid, Ove Standal, Odd Ottestad og Rolf Ørsal kalla inn til samtale. Lars Petter Øye, Knut Bere og Per R Mork vart valde til å føre samtale med søkjarane, dreiftsleiaren deltek i møte.

Sak 2/90

Rammeavtale - Vest Miljø A/S

Vedtak:

Styret vedtek for 1990-91 forslaget til ramme - avtale mellom Volda/Ørsta reinhaldsverk og Vest Miljø A/S som framgår av vedlagde oppstilling, viser til tilbud frå Vest Miljø A/S av 5/12.89 og 9/2.90.

Sak 3/90

Budsjettjustering for 1990

Vedtak:

Samr. etter tilrådinga.

Sak 4/90 Søknad om fritak for renovasjon.

Søkjar nr. 23 Dagfinn Bjørkedal 6120 Folkestadbygd  
Vedtak: Samr. etter tilrådinga

Søkjar nr 24 Leif Larsen Kalvatn 6100 Volda  
Vedtak: Samr. etter tilrådinga.

Søkjar nr. 25 Peder Havskjær 6150 Ørsta  
Vedtak: Samr. etter tilrådinga.

Søkjar nr. 26 Asbjørn Steinnes 6160 Hovdebygda  
Vedtak: Saka vart utsett. Søknaden vert sendt over til Ørsta-  
helseråd for uttale.

Søkjar nr. 26 Egil Hovden 6160 Hovdebygda  
Vedtak: Søknaden Kan ikkje imøtekomast.

Sak 5/90 Sal og utlevering av sekkestativ.

Vedtak: Samr. etter tilrådinga.

Sak 6/90 Driftbudsjett for spsialavfall

Generelt

Styreformann Lars Petter Øye orienterte i møte om drifta, aktivitetar som etter kvart er lagt til reinhaldsverket. Resirkulering for kvitevarer, bilbatteri, glas, papir, og jarn/metall er no etablert på Miljøstasjonen, og dei første leveransane er alt sende frå stasjonen.

Mottaket for spesialavfall er ogso no klart for å sette i drift, men på grunn av høgst usikre avfallsmengder og kostnadar i det første driftsåret bør ein avvente endleg tilsagn om driftstilskot frå miljøverndepatementet.

I budsjettet for 1990 er det i alt sett av kr.45000,-dette går med berre til dekning av batteriinnsamlingla Midt-Norge for inneverande år, og ein er soleis utan midlar på budsjettet til drift av spesialafallsmottaket for 1990.

Per Schjeldrup orienterte om korrespondanse med SFT, NORSAS og Miljødepartementet om førespegla driftstilskot til dekning av underskot for drifta til spesialavfallsmottak første driftsåret.

Vedtak

Styret vedtek forslaget til framlagde driftsbudsjett. Volda/Ørsta reinhaldsverk ber SFT om snarleg avgjerd i saka, og ber om at dekning av driftsunderskot vert bekefta før ordninga vert sett i gang.

Møte slutt kl.22<sup>00</sup>

Hovdebygda 8.3.90

  
Knud Brune

driftsleiar